PLANPROGRAM

Detaljregulering for steinbrudd Levåg g/bnr. 79/1, 79/18, 79/3, 79/4, 80/1, 80/2 og 80/4, PlanID 4615 - 202101

OPPDRAGSGJEVAR

K. Volden Transport AS

EMNE

Planprogram

DATO / REVISJON: 12. mars 2021 / 00

DOKUMENTKODE: 10221231-01-PLAN-PBL-002

Multiconsult

Denne rapporten er utarbeidet av Multiconsult i egen regi eller på oppdrag fra kunde. Kundens rettigheter til rapporten er regulert i oppdragsavtalen. Hvis kunden i samsvar med oppdragsavtalen gir tredjepart tilgang til rapporten, har ikke tredjepart andre eller større rettigheter enn det han kan utlede fra kunden. Multiconsult har intet ansvar dersom rapporten eller deler av denne brukes til andre formål, på annen måte eller av andre enn det Multiconsult skriftlig har avtalt eller samtykket til. Deler av rapportens innhold er i tillegg beskyttet av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeidelse eller annen bruk av rapporten kan ikke skje uten avtale med Multiconsult eller eventuell annen opphavsrettshaver.

Multiconsult

RAPPORT

OPPDRAG	**Detaljregulering for steinbrudd Levåg, g/bnr. 79/1, 79/18, 79/3, 79/4, 80/1, 80/2 og 80/4, PlanID 4615 - 202101**	DOKUMENTKODE	10221231-01-PLAN-PBL-002
EMNE	Planprogram	TILGJENGE	Open
OPPDRAGSGJEVAR	**K. Volden Transport AS**	OPPDRAGSLEIAR	Sarah Fagertun Eggereide
KONTAKTPERSON	Lars Martin Volden, Johannes Koløen	UTARBEIDD AV	Sarah Fagertun Eggereide
KOORDINATAR		ANSVARLEG EINING	10233052 Akva og Plan Vest - Stord
GNR./BNR./SNR.	79 / 1 / M.FL. / Fitjar		

SAMANDRAG

Det vert lagt fram planprogram for steinuttak i Levåg, Fitjar kommune. Forslagsstillar er K. Volden Transport AS.

Planprogrammet gir rammer for gjennomføring av planarbeidet med konsekvensutgreiing.

Det skal utførast konsekvensutgreiing for følgjande tema:

- Landskap
- Friluftsliv
- Naturmangfald
- Naturressursar (inkl. landbruk)
- Kulturminne og kulturmiljø

Andre viktige og sentrale tema vert omtalt i planomtalen.

INNHALD

1 Innleiing 5
1.1 Føremål med planarbeidet 5
1.2 Krav om konsekvensutgreiing og planprogram 5
2 Områdeskildring – Eksisterande situasjon 5
2.1 Planområdet 6
2.1.1 Plangrense 7
2.2 Naturmangfald 8
2.3 Kulturminne og kulturmiljø 10
2.4 Naturressursar 10
2.5 Friluftsliv 11
2.6 Landskap 12
3 Samspel mellom plan- og bygningslova og andre lover og forskrifter 13
4 Rammer og føringar 14
4.1 Nasjonale og regionale planar og føringar 14
4.2 Kommunale planar 14
4.2.1 Kommuneplan for Fitjar 2011-2022 14
4.2.2 Strategisk næringsplan for Fitjar kommune 2014- 2018 14
4.2.3 Kulturminneplan 2015 – 2025 15
4.2.4 Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017 - 2025 15
4.2.5 Andre kommunale planar som kan vere relevante for planarbeidet: 15
➢ Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 – 2020 15
5 Planprosess 16
5.1 Planprogram 16
5.2 Reguleringsplan med konsekvensutgreiing 16
5.3 Deltaking og organisering i planarbeidet 16
5.4 Informasjon og medverknad i planprosessar 16
5.5 Opplegg for medverknad 16
5.6 Førebels framdriftsplan 17
6 Alternativskildring 17
6.1 Referansealternativet (0-alternativet) 17
6.2 Planforslaget 17
7 Tema for utgreiing 18
7.1 Utsiling av KU-tema 18
7.2 Metodikk 19
7.3 Skildring av KU-tema og utgreiingsbehov 19
7.4 Risiko og sårbarheit (ROS) 22
7.5 Andre tema for omtale i planomtalen 22
7.5.1 Transport og trafikktryggleik 22
7.5.2 Forureining 22
7.5.3 Vatn- og avløp 23
7.5.4 Kraftforsyning 23
7.5.5 Istandsetting og etterbruk 23
8 Vedlegg 23

1 Innleiing

1.1 Føremål med planarbeidet

K. Volden Transport AS vil fremje reguleringsplan for steinuttak i Levåg, Fitjar kommune.

K. Volden Transport AS har stadig behov for byggjeråstoff i verksemda si. I samband med dette har føretaket inngått avtalar med grunneigarane (som har utvinningsrett) om å få etablere uttak av stein (pukk) på dei aktuelle eigedomane. Føretaket er lokalisert på Fitjar, og har mange av oppdraga sine lokalt i Sunnhordland. Etterspurnaden etter kortreiste byggjeråstoff er stor.

Parallelt med reguleringsplanprosessen skal det utarbeidast ein driftsplan for det planlagde uttaket som vedlegg til ein søknad om driftskonsesjon. For uttak på meir enn 10 000 m^3 masse, samt alle uttak av naturstein, er det krav om driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMF).

1.2 Krav om konsekvensutgreiing og planprogram

Eit planprogram er ein plan for reguleringsplanarbeidet, og skal utarbeidast for reguleringsplanar der det er krav om konsekvensutgreiing (KU). For dette planarbeidet er det *forskrift om konsekvensutredninger* § 6, 1. ledd, bokstav b) som er gjeldande; reguleringsplanar etter plan- og bygningslova for tiltak i vedlegg 1 skal alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding.

Tiltaket i planforslaget fell inn under tiltak nummer 19 i vedlegg I; *Uttak av malmer, mineraler, stein, grus, sand, leire eller andre masser dersom minst 200 dekar samlet overflate blir berørt eller samlet uttak omfatter meir enn 2 millioner m^3 masse, eller uttak av torv på et område større enn 200 dekar.* Det er venta at uttaket av grus og pukk vil påverka ei overflate på meir enn 200 dekar. Det vert difor vurdert at planforslaget krev KU.

Planforslaget er ikkje i samsvar med overordna plan, Kommuneplan for Fitjar 2011-2022.

Planprogrammet gir rammer for gjennomføringa av detaljreguleringsplanen med konsekvensutgreiing, og skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar, deltakarar og opplegg for medverknad. Tilhøve som skal opplysast om og utgreiast i planarbeidet går fram av planprogrammet.

Metodikk som skal nyttast i utgreiinga for å skaffe naudsynt og vedtaksrelevant kunnskap er omtalt i planprogrammet, og ein legg premissar for korleis planarbeidet skal gjennomførast, samt skildrar planprosessen fram til vedteken plan.

2 Områdeskildring – Eksisterande situasjon

Levåg ligg på nordaustsida av øya Stord, i Fitjar kommune. Aust for området ligg Langenuen, med Tysnes kommune på den andre sida av fjorden/sundet. Det er om lag 5 km i luftlinje frå Fitjar sentrum til Levåg.

Levåg ligg innanfor Osternes grunnkrins. I 2019 budde det 136 personar innanfor grunnkrinsen. Dette er 35 færre personar enn i 2014. Det er nokre bustadhus i området, men i hovudsak består nærområda til planområdet av utmarksareal (skog). Området har tilkomst frå E39. Nordvest for planområdet ligg ferjestøet på Sandvikvåg, og sør for planområdet ligg Midtfjellet vindpark.



Figur 1. Levåg ligg på nordaustsida av Stord, i Fitjar kommune. Kjelde; www.norgeskart.no.

2.1 Planområdet

Planområdet ligg i Levåg, og dagens arealbruk i området er i hovudsak utmarksareal (skog). I tillegg er deler av E-39 tatt inn i planområdet for å ta høgd for eventuelt behov for ny kryssløysing til området. Området er lagt mellom (og inntil) to gjeldande reguleringsplanar; «E 39 Engevik-Sandvikvåg» (planid 201301) og «Midtfjellet» (planid 201401). Reguleringsplanen «E39 Engevik – Sandvikvåg» frå 2014 ligg langs E39 i den nordre delen av planområdet (sjå Figur 2).

I arealdelen til Kommuneplan for Fitjar 2011-2022 har heile arealet innanfor planområdet arealføremålet *Noverande LNFR*.



Figur 2 Utsnitt frå gjeldande kommuneplan for Fitjar kommune, som viser planområdet (svart, stipla linje) og nærliggjande område. Kjelde: kommunekart.com.

2.1.1 Plangrense

Området innanfor føreslått varslingsgrense/planavgrensing er 1110,0 daa stort, og inkluderer heile eller delar av eigedomane 79/1, 79/18, 79/3, 79/4, 80/1, 80/2 og 80/4.

Tiltakshavar har avtalar med grunneigarar for uttak av stein.

Delar av E39 og areal på nordsida av E39 er inkludert for å ta høgde for ev. behov for nye kryssløysingar, svingfelt mv.

I planprogrammet og ved varsel om oppstart av planarbeid vert det varsla med eit større område enn det som truleg vert faktisk grense for planforslaget.

I aust går plangrensa i hovudsak i eigedomsgrensa mellom gnr./bnr. 79/1 og 80/1, som ligg innanfor plangrensa, og 81/3, som ligg utanfor.

I sør er plangrensa lagt inntil plangrensa for reguleringsplanen for Midtfjellet.

I nord er plangrensa lagt eit stykke nord for eksisterande reguleringsplan for E-39 Engevik-Sandvikvåg, for å ta høgd for eventuell ny kryssløysing/avkøyringsfelt til området. Eigedomane gnr./bnr. 80/3, 79/10 og 79/11 er ikkje inkludert i planområdet, då ein ikkje ser for seg at dette er eit område det vil vera aktuelt å etablera kryssløysing, grunna kurvatur på vegen og bustadhusa i området.

I aust er plangrensa sett for å sikre nok plass til eventuell intern vegtilkomst til uttaksområdet, dersom det vil vera aktuelt å ha tilkomst frå E-39 i denne delen av planområdet.



Figur 3. Kart over planområdet. Plangrense er synt med svart stipla linje.

2.2 Naturmangfald

Innanfor planområdet er det registrert to område med den utvalde naturtypen «hol eik». Eikene fell òg innanfor naturtypen «store gamle trær» etter DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning, 2007). Eikene står på Øvre Levåg, og er vurdert som lokalt viktige. Planarbeidet vil ikkje koma i konflikt med dei registrerte hole eikene.

Det er registrert 9 artar av særleg stor forvaltningsinteresse like utanfor planområdet på eigedomen 79/10; ask (VU), pusleblom (VU), bergalm (VU), rognasal (ansvarsart), rypebær (ansvarsart), småsmelle (ansvarsart), solblom (VU), strandkjeks (ansvarsart) og havstarr (ansvarsart). Desse registreringane er nøyaktige med omsyn til artsstadfesting, men er utdaterte (frå 1919).

På nordsida av E39, på sørsida av Færøysundsvatnet, er det registrert eit leveområde for dvergspett.

Av framandartar i planområdet er det registrert høstberberis (SE) nordvest for Øvre Levåg. Vestamerikansk hemlokk (SE) er registrert utanfor planområdet, langs E39, nordvest for Øvre Levåg. Det er òg registrert eple (NR) like utanfor planområdet (på 79/10).

Elles er det eit større område med naturtypen «naturbeitemark» nord for E39, nordre Levåg. Denne er klassifisert som svært viktig, men ligg utanfor planområdet, og vert truleg ikkje påverka av planforslaget. Det er òg eit område med naturtypen «regnskog» ved Fossvika, nordaust for planområdet. Denne har lokal viktig verdi, og vert heller ikkje vurdert å verte påverka av

planforslaget. I Pollen ved Nedre Levåg er det registrert ein marin naturtype etter DN-handbok 19 (Direktoratet for naturforvaltning, 2007).



Figur 4. Kartutsnitt som viser naturtypar og artar av stor og særleg stor forvaltningsinteresse. Planområdet er synt med svart stipla linje. Kjelde: kart.naturbase.no.

Berggrunnen i området er samansett av middels til finkorna metagabbro som er oppbygd av laggangar. Det er stadvise innslag av gabbronoritt, dioritt og kvartsmonzodioritt, òg med diorittiske, tonalittiske, granittiske eller og syenittiske soner mellom gangane (NGU, 2020). Lausmassane er samansett av usamanhengande eller tynt morenemateriale som ligg over berggrunnen (Figur 6). Tjukkleik på morenelaget er sjeldan over 0,5 meter. Heilt sør i planområdet er det mest bart fjell, og særs lite lausmassar (NGU, 2020).

I følgje dåverande Fylkesmannen i Hordaland sin rapport om «Viltet på Stord» frå 2004, er det vist at området nord for planområdet og E39; Klårneset og området rundt Færøysundvatnet, er eit viktig viltområde, «Levåg-Færøya», noko registreringar frå Naturbase langt på veg stadfestar. Det nemnte området er ikkje oppgjeve å ha stor betydning for hjort, men det er registrert trekkvegar for hjort over E39 like vest for planområdet (Levåg), og noko lengre mot aust (Engjavika). Desse kryssingspunkta er viktige for trekket mellom dagleie og beiteområde.

2.3 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert nokre særskilde kulturminne eller -miljø innanfor det planlagde planområdet. Det er derimot ein kulturminnelokalitet like sør for planområdet (i Midtfjellet planen); Levågsætre.

Levågsætre er registrert som eit busetnad-aktivitetsområde frå steinbrukande tid og jernalder, og er automatisk freda. Funn av eldstad og eit avgrensa trekolhaldig sand og gruslag indikerer at det er ei tuft på staden, utan at denne er synleg.

Elles er det ein krigsminnelokalitet frå 2. verdskrig oppe på Landasåto. Her hadde tyskarane radiolink og radarstasjon med tilhøyrande bygg, anlegg og forsvarsstillingar.

Det er registrert tre SEFRAK-bygg ved Øvre Levåg, eitt som er rive (grå SEFRAK), og to som er meldepliktig ved riving/ombygging (raud SEFRAK) (Figur 5). Planarbeidet vil ikkje koma i konflikt med dei SEFRAK-registrerte bygga.



Figur 5. Kartutsnitt som viser kulturminne, kulturmiljø og SEFRAK-bygg i nærområdet. Varslingsgrense er synt med svartstipla linje. Kjelde: kart.naturbase.no.

2.4 Naturressursar

Heile området ligg som skog i AR5-karta, og det vert ikkje drive jordbruk i området. Med omsyn til skogdrift og -bonitet så har området vekselvis skog av høg til særs høg bonitet. Skogstypar er både lauv- og barskog.

Lausmassane i området er lite eigna for grunnvatn. Potensialet for grunnvatn i berggrunnen/fjell er vurdert å vera bra for einskildhusstandar. Bustadhusa ved Øvre Levåg nyttar seg av grunnvassborehol i fjell.

Ressurskarta frå NGU med omsyn til grus og pukk viser eit større ressursområde aust i planområdet (Figur 6). Arealet på ressursen er vurdert å vera om lag 330 daa. Den dominerande bergarten er

oppgjeve å vera amfibolitt. Betydninga for eit ev. framtidig uttak, som dette planforslaget legg opp til, er enno ikkje vurdert.



Figur 6. Kartutsnitt som synar kva lausmassar ein kan finne i området. Lysegrønt = Morenemassar. Rosa = Bart fjell. Grus/pukkressurs er synt med lilla farge. Kjelde: kart.naturbase.no.

2.5 Friluftsliv

Planområdet ligg delvis innanfor det kartlagde friluftslivområdet «Fitjarfjellet», som er vurdert å vera eit svært viktig friluftslivsområde. Området vert skildra som eit variert fjellområde med rik vegetasjon, jakt/fiske. Området har vidder med mange dyretråkk og merka turstiar, og mange innfallsportar til området. Fitjarfjellet dekkjer mange høge toppar, inkludert den høgaste toppen i Fitjar – Litlasåto. Områdetype er «stort turområde utan tilrettelegging».

Det er ikkje kjent at området innanfor planområdet vert aktivt nytta til friluftsliv i dag.

Figur 7. Kartutsnitt som synar kommunalt kartlagde friluftslivsområde i nærleik til planområdet. Mørkare raudfarge tydar på høgare verdi på friluftslivsområdet. Varslingsgrense er synt med svartstipla linje. Kjelde: kart.naturbase.no.

2.6 Landskap

Heile planområdet ligg i landskapsområdet «Langenuen», som høyrer til landskapstypen *Ytre fjordbygder på Vestlandet/Middels breie fjordløp* (Aurland Naturverkstad, 2011). Landskapsområdet har verdi 2 – vanleg førekommande landskap. Skildringa av landskapsområdet er at det har karakter som eit langsmalt sund mellom Stordøya og Tysnes. Det er bratte relieff på begge sider, med område delvis over skoggrensa. Landskapet gjer ei sterk romleg oppleving. Transportåre, med skipstrafikk, ferjestø og europa- og riksveg.



Figur 8. Utsnitt som viser Langenuen landskapsområde, og andre kringliggjande område. Kjelde: www.fylkesatlas.no.

3 Samspel mellom plan- og bygningslova og andre lover og forskrifter

Mineraluttak er regulert av konsesjon etter mineralloven, planavklaring etter plan- og bygningsloven, og føresegner i eller vedtak etter forureiningslova. Det er viktig å unngå «dobbeltregulering»; difor bør eit tilhøve berre regulerast ein stad. Temarettleiaren «Uttak av mineralske forekomster og planlegging etter plan- og bygningsloven» gjer greie for samspelet mellom plan- og bygningslova og andre viktige lover og forskrifter som styrer forvaltinga av mineralske ressursar, bortsett frå olje, gass og vatn.

Tabellen under er henta frå temarettleiaren, og skildrar samspelet mellom aktuelle løyve.

Tema	Plan- og bygningsloven	Mineralloven	Forurensnings-loven
Rettighet til grunn	Reguleringsplan er grunnlag for evt ekspropriasjon. Reguleringsplan gir en varig planavklaring.	Ekspropriasjonshjemmel (Sikres i de aller fleste tilfellene ved avtale med grunneier.)	
Drift		Fastsettes i driftsplan, ut fra hensyn til sikker drift og ressursutnyttelse.	
Innsyn, skjerming	Fastsettes i reguleringsplan.		
Tiltak i randsonen	Fastsettes i reguleringsplan.		
Støy, utslipp til luft og vann	Evt skjerping av krav som framgår av forurensningsforskriften, f eks om driftstid.		Gitt i forskrift eller ved egen behandling.
Andre miljøtiltak	Areal til og utforming av aktuelle tiltak fastsettes i reguleringsplan.	Økonomisk sikkerhet for opprydding og sikring.	
Annen arealbruk i bruddområdet	Avklares i reguleringsplan.		
Atkomst; transport	Avklares i reguleringsplan.		
Opprydding		Krav til sikring, fjerning av installasjoner mm fastsettes i driftsplan.	Økonomisk sikkerhet for tiltak kan kreves.
Istandsetting	Terrengforming fastsettes i reguleringsplan.	Krav til beplantning mm forankres i driftsplan.	
Etterbruk	Avklares i reguleringsplan.		

4 Rammer og føringar

4.1 Nasjonale og regionale planar og føringar

- Lov om erverv og utvinning av mineralressursar (minerallova) og driftskonsesjon frå Direktoratet for Mineralforvaltning (DFM)
- Stortingsmelding nr. 14 (2015-2016) «Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold»
- Retningsliner for handsaming av støy i arealplanlegginga (T-1442 og TA-2115/2005)
- Forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova (2014, rev. 2018)
- Rettleiar til konsekvensutgreiingar for klima og miljø (2020)
- Naturmangfaldlova
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 «Næring til fortrinn»
- Regional plan for klima og energi 2014-2030
- Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022
- Regional plan for folkehelse 2014-2025 «Fleire gode leveår for alle»
- Regional plan for vassregion Hordland 2016-2021
- Regional plan for idretts, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016-2020
- Fylkes-ROS for Hordaland (2015)
- Temaveileder – Uttak av mineralske forekomster og planlegging etter plan- og bygningsloven
- NGU-rapport 2020. Mineralressurser i Vestland fylke.

4.2 Kommunale planar

4.2.1 Kommuneplan for Fitjar 2011-2022

Arealet innanfor planområdet er i gjeldande KPA disponert til føremålet «Noverande LNFR», og planframlegget vil difor ikkje vere i samsvar med kommuneplanen.

Faresone «Høyspenningsanlegg (inkl høyspentkabler) ligg dels innanfor plangrensa i den nordlege delen av planområdet (nord for E39).

Fitjar kommune sin samfunnsdel vart vedteken i 2020 og er gjeldande frå 2020 til 2040. Samfunnsdelen peikar på at det er viktig å sikra og leggje til rette for utvikling i eksisterande næringsliv og bransjar i Fitjar. Det er vidare framheva at næringslivet ofte peikar på at det viktigaste kommunen kan gjera som tilretteleggjar er å vera positivt innstilt til næringsutvikling, å alltid ha tilgjengeleg næringsareal og areal for bygging av bustader- og fritidsbustadar, og ha kommunale tenester med god kvalitet og godt omdøme.

4.2.2 Strategisk næringsplan for Fitjar kommune 2014- 2018

Den strategiske næringsplanen peikar mellom anna på at tilrettelegging av areal for næringsutvikling er ei viktig oppgåve for kommunen og sentralt for ekspansjon innan næringsutvikling. Dette gjeld både utvidingsareal for eksisterande verksemder og plassering av nye næringsområde. Det er vidare

påpeika at gode løysingar innan næringsareal er med på å vidareutvikle kommunen, og auke attraktiviteten til området for nye verksemder og tilflyttarar.

Planen seier vidare at Fitjar kommune skal vera ein positiv kommune, der ein føreheld eg til lovar og vedtak for å ivareta viktige omsyn, og på same tid legg til rette for gode løysningar for dei som ynskjer å byggja eller etablera seg med næringsaktivitet i kommunen.

4.2.3 Kulturminneplan 2015 – 2025

Føremålet med kulturminneplanen til Fitjar kommune er mellom anna at han skal vere ei kjelde til kunnskap og oppleving, eit grunnlag for verdiskaping og utvikling av lokal identitet, samt ei kjelde til at kommunetilsette og innbyggjarar skal få ei betre oversikt over kva som finst av kulturminne i kommunen.

I Fitjar kommune sin kulturminneplan (2015 – 2025) er gardane Levåg Øvre og Levåg Nedre omtala. I følgje kulturminneplanen er det ikkje funne fornminne på desse gardane.

4.2.4 Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017 - 2025

Planen er vedteken 8. mai 2017.

Landbruksplanen skal ivareta fleire hovudfunksjonar, han skal mellom anna gi tydelege signal om kva som er viktige areal og ressursar for landbruket, og få fram kva landbruksnæringa har å seie for verdiskaping, sysselsetjing, busetjing, kulturlandskap, og anna næringsliv.

Skog og utmark er eit eige tema i planen, og det er skissert både utfordringar og rådgjerder knytt til temaet.

4.2.5 Andre kommunale planar som kan vere relevante for planarbeidet:

- Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 – 2020
- Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020- 2030
- Kommunedelplan for vassforsyning 2020 - 2030

5 Planprosess

I Fitjar kommune skal alle planar prinsippgodkjennast etter oppstartsmøte med kommuneadministrasjonen, dvs. at utval for plan og miljø skal ta stilling til om det vert tilrådd at ein går vidare med eit planarbeid. Planforslag som ikkje er i tråd med KPA må i tillegg leggjast fram for politisk handsaming i kommunestyret. Saka vert lagt fram for prinsippgodkjenning samstundes som planprogrammet vert lagt fram.

5.1 Planprogram

Eit planprogram skildrar korleis planarbeidet skal gjennomførast, og kva for utgreiingar som må gjerast.

Planprogrammet skal leggast fram for kommunen, for så å sendast ut på høyring. Føremålet med høyringa er å skape ev. offentleg debatt og medverknad. Planprogrammet vert fastsett etter høyringa, og er då førande for det vidare planarbeid og konsekvensutgreiing (KU).

5.2 Reguleringsplan med konsekvensutgreiing

Det skal utarbeidast ein detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing (KU) i samsvar med plan- og bygningslova. Reguleringsplanen skal syne arealbruken for planområdet og gjev grunnlag for utbygging. Forslag til reguleringsplan med KU vert sendt på høyring, og vert lagt fram for vedtak etter denne høyringa.

Figur 5-1. Forenkla oversikt over planprosessen.

5.3 Deltaking og organisering i planarbeidet

K. Volden Transport AS er prosjekteigar og forslagsstillar for planen. Multiconsult Norge AS er ansvarleg for å utarbeide planforslaget. Fitjar kommune er planmynde og skal fastsetje planprogram og handsame planen etter plan- og bygningslova.

5.4 Informasjon og medverknad i planprosessar

Formell oppstart av planarbeidet skal varslast saman med høyring av planprogrammet. Oppstart vert varsla i bladet Sunnhordland, bladet Tysnes og på Fitjar kommune sin nettstad.

K. Volden Transport AS vil ha ein open prosess med god informasjon om planarbeidet, slik at alle partar har ei god forståing av kva planforslaget omhandlar og medfører, og kva for konsekvensar det gir.

Det er ynskeleg å oppnå god lokal medverknad. Aktuelle grunneigarar vil få eige brev i samband med varsel om oppstart/høyring av planprogram. Vidare vert ulike interesselag invitert til å kome med innspel og kommentarar.

Varsel om oppstart og forslag til planprogram vert sendt på høyring til regionale fagmynde og andre offentlege høyringsinstansar.

5.5 Opplegg for medverknad

Utover det som er krav til medverknad i plan- og bygningslova vert det vurdert undervegs i planprosessen om det er behov for allmøte for å informere om planarbeidet.

5.6 Førebels framdriftsplan

Milepålar	**Dato**
Varsle oppstart av planarbeid og høyring av planprogram	mai 2021
Fastsetting av planprogram	august 2021
1. gongs handsaming med høyring og offentleg ettersyn av planforslag med KU	november - desember 2021
2. gongs handsaming og vedtak av planforslag med KU	vinter 2022

6 Alternativskildring

6.1 Referansealternativet (0-alternativet)

Referansealternativet for planen er dagens situasjon, dvs. området sin noverande fysiske tilstand og planstatus. Det vil seie at området ikkje vert vidare bygd ut og at dagens bruk vert oppretthalde. Dagens situasjon vil vera samanlikningsgrunnlag for konsekvensutgreiinga og for tema i planomtalen som handlar om verknadar av planforslaget.

6.2 Planforslaget

Konsekvensutgreiinga vil greie ut eitt alternativ. Alternativet vil syne område for steinuttak, og tilkomst til dette området, inkludert kryssløysing til E-39.

Tiltaket vert nærare skildra i planforslaget og konsekvensutgreiinga.

7 Tema for utgreiing

I følgje KU-forskrifta § 17 skal tema som vert omtala vere avgjerdsrelevante; «*Konsekvensutredningens innhold og omfang skal tilpasses den aktuelle planen eller tiltaket, og være relevant for de beslutninger som skal tas.»* Som avgjerdsrelevant er det meint konsekvensar som er avgjerande for om tiltaket kan tillatast å verte gjennomført.

I planinitiativet vart temaa *naturmangfald*, *kulturminne og kulturmiljø*, *naturressursar*, *friluftsliv* og *landskap* lagt fram som aktuelle for utgreiing. Ut frå referat frå oppstartsmøte vert fleire andre tema vektlagt som viktige, men desse vert omtalt i planomtalen som for ein reguleringsplan utan KU. Kva som inngår i temaa og korleis dei vert utgreidd går fram av dei påfølgjande punkta.

Hovudføremålet med konsekvensutgreiinga er å klarleggje og synleggjere konsekvensane av føreslått løysing opp mot referansealternativet.

7.1 Utsiling av KU-tema

I referat frå oppstartsmøte med Fitjar kommune 01.02.2021 vart fleire tema under punktet «Viktige tema for utgreiing i planarbeidet» huka av utan at det vart spesifisert om alle desse temaa skal vera del av ein KU.

KU-forskrifta § 21 er nytta for å vurdere kva slags tema som bør takast med i utgreiinga, saman med forslag til tema frå planinitiativet. Oversikt over aktuelle tema for KU etter forskrifta og SVV si handbok V712 *Konsekvensanalyser* er synt i tabellen under. Under kolonna for vurdering er det skildra/kommentert om tema er aktuelt, kva tilhøve som er viktige, og om det skal/bør omtalast i ein KU eller i planomtalen.

Tema som ikkje skal konsekvensutgreiast vert omtala i planomtalen og/eller ROS-analysen til planforslaget.

Tabell 1. Tema som vert vurdert som vesentlege for miljø og samfunn, jf. KU-forskrifta § 21.

Tema	Tema i Handbok V712	Vurdering
Naturmangfald	Naturmangfald	KU- tema.
Økosystemtenester	Fleire	Del av KU-temaa naturressursar/naturmangfald.
Nasjonale og internasjonalt fastsette miljømål	Naturmangfald	Vert omtala i planomtalen.
Kulturminne og kulturmiljø	Kulturarv	KU-tema.
Friluftsliv	Friluftsliv og bygdeliv	KU-tema.
Landskap	Landskapsbilde	KU-tema. Tiltaket vil påverke landskapet visuelt.
Forureining (støy- og luftforureining mv.)	Friluftsliv og bygdeliv	Vert omtala i planomtalen.
Vassmiljø	Naturmangfald	Del av KU-tema naturmangfald. Det renn ein bekk gjennom planområdet.
Sikring av jordressursar	Naturressursar	KU-tema.

Samisk natur- og kulturgrunnlag		Ikkje relevant.
Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar		Vert omtala i planomtalen.
Beredskap- og ulykkesrisiko		Vert omtala i planomtalen/ROS-analyse.
Moglege truslar som følgje av klimaendring (risiko for havnivåstigning, stormflo, skred, flaum mv.)		Vert omtala i planomtalen/ROS-analyse. Deler av planområdet er omfatta av aktsemdsområde for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred.
Folkehelse	Friluftsliv og bygdeliv	Vert omtala i KU-tema for friluftsliv og i planomtalen.
Tilgjenge til uteområde og gang- og sykkelvegnett	Friluftsliv og bygdeliv	Vert omtala i planomtalen.
Barn og unges oppvekstvilkår	Friluftsliv og bygdeliv	Vert omtala i planomtalen.
Kriminalitetsførebygging		Ikkje relevant.
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet	Landskapsbilde	Del av KU-tema landskap.

7.2 Metodikk

Som utgangspunkt for konsekvensutgreiinga skal metoden skildra i SVV si handbok V712 *Konsekvensanalyser*, for ikkje-prissette konsekvensar, nyttast. Dette er ein kvalitativ analysemetode som skal sikre ein fagleg, systematisk og heilskapleg analyse av dei konsekvensane tiltaket vil medføra for fagtemaa som er definert.

For tema naturmangfald er det òg aktuelt å nytte seg av ny digital rettleiar for konsekvensutgreiingar for klima og miljø som vart lansert av Miljødirektoratet 14. desember 2020 (https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arealplanlegging/konsekvensutredninger/).

7.3 Skildring av KU-tema og utgreiingsbehov

Under følgjer skildringar av temaa som skal konsekvensutgreiast som del av planarbeidet, ref. Tabell 1. Det er teke utgangspunkt i tema frå SVV si handbok V712.

For kvart tema er det definert kva temaet omhandlar, samt kva som skal greiast ut og kva for ein metode som skal nyttast. Vidare er det kort oppsummert kor ein kan finne eksisterande kunnskap om temaet. Metode vert nærare skildra i sjølve utgreiinga.

Tabell 2. KU-tema for denne planen med temaskildring mv.

Tema	Definisjon av tema	Utgreiingsbehov/ metode	Eksisterande materiale/ kunnskap
Landskap	Temaet landskap tek for seg dei særeigne fysiske trekka i eit (natur)geografisk område, men òg korleis	Landskapet i planområdet skal skildrast, og viktige naturlege og menneskeskapte element som skal inngå er landform/terrengform, vegetasjon, vatn og vassdrag,	www.kilden.nibio.no (landskapsregionar) www.fylkesatlas.no (landskap,

	desse vert opplevd visuelt (landskapsbilete). Temaet tek utgangspunkt i dei karakteristiske landskapstrekka og verdiane i plan- og influensområdet, og vurderer korleis tiltaket styrkar eller svekker landskapskarakteren i området. Temaet tek for seg korleis tiltaket er tilpassa landskapet sett frå omgjevnadane.	busetnad, veg, kraftlinjer, utsiktspunkt og andre eigenskapar som uttrykker karakteren til landskapet. Tiltaket si lokalisering i landskapsrommet og terrengtilpassing med omsyn til synlegheit skal utgreiast. Det skal seiast noko om arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet. Kjente registreringar og databasar og supplerast med egne synfaringar. Vurderingar av påverknad med utgangspunkt i metoden frå SVV handbok V712.	landskapsregionar og landskapstypar) Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke - Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap (Aurland Naturverkstad, 2011) Handbok V712 Konsekvensutredning Kommuneplan
Friluftsliv	Friluftsliv vert definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Tema friluftsliv tek for seg tiltaket sine verknadar for brukarane av utredningsområdet. Alle område som har betydning for ålmenta sin moglegheit til å drive friluftsliv som helsefremjande og trivselsskapande aktivitet i nærmiljøet eller naturen elles, vert omfatta av temaet. Det kan verte aktuelt å inkludere «bygdeliv» i temaet.	Tiltaket sin påverknad skal utgreiast for: Frilufts- og turområde. Bruken av areal som er ålment tilgjengelege. Barn og unge sine interesser. Universell utforming. Samanbindingslinjer for mjuke trafikantar/barrierar. Påverknad frå tiltaket for tema støy og lys. **Metode:** Kartlegging av aktuelle område ved synfaring. Samle informasjon via medverknad og innspel til planen. Kontakt med kommunen. Vurderingar av påverknad med utgangspunkt i metodikk i handbok V712.	www.fylkesatlas.no (friluftsliv og tilgjengelegheit) www.ut.no Regional plan for idretts, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016-2020 Regional plan for folkehelse 2014-2025 «Fleire gode leveår for alle» Kommuneplan Lokal friluftlivskartlegging/ lokale turlag
Natur-mangfald	Temaet omhandlar naturmangfald knytt til terrestriske (landjorda), limniske (ferskvatn) og marine (brakkvatn og	Tiltakets påverknad skal utgreiast for: Vassmiljø.	Viltet på Stord (Stord og Fitjar kommune) kart.naturbase.no

	saltvatn) system, inkludert livsvilkår (vassmiljø, jordmiljø) knytt til desse. Skildring av den noverande tilstanden, jamfør KU-forskrifta § 20, inngår i dette temaet.	Sårbart fugleliv. Naturtypar og økologiske funksjonsområde. **Metode:** Gjennomgang av eksisterande materiale og rapporter. Synfaring. Skrive ei kvalitativ vurdering i planomtalen. Vurderingar av påverknad med utgangspunkt i metode frå handbok V712.	okologiskegrunnkart.artsdatabanken.no www.artskart.artsdatabanken.no www.vann-nett.no kommuneplan
Natur-ressursar	Naturressursar er ressursar frå jord, skog og andre utmarksareal, fiskebestandar i sjø og ferskvatn, vilt, vassførekomstar og georessursar (berggrunn og mineralar). Temaet omhandlar landbruk, fiske, havbruk, reindrift, vatn, berggrunn og lausmassar i eit ressursperspektiv.	Tiltaket sin påverknad skal utgreiast for: Arealinngrep i jordbruk (fulldyrka, overflatedyrka, innmarksbeite). Jordvern/skogbruk. Fiske. Vassuttak. **Metode:** Gjennomgang av eksisterande materiale og rapporter. Vurderingar av påverknad med utgangspunkt i metode frå handbok V712.	Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017-2025 Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 www.kilden.nibio.no www.fylkesatlas.no (landbruk) kart.naturbase.no kommuneplan
Kultur-minne og kulturmiljø	Materielle og immaterielle spor etter menneskeleg verksemd og aktivitet. Dei materielle spora etter menneskeleg verksemd/aktivitet er i fokus i form av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.	Vurderingar skal dekke både nyare tids kulturminne og automatisk freda kulturminne. Kjente kulturminne i og i nærleiken av planområdet skal kartfestast og skildrast. Det vert tatt utgangspunkt i kjente registreringar og databasar, ved behov vert dette supplert med synfaring. Potensialet for automatisk freda kulturminne må vurderast. Direkte og indirekte påverknad på kulturarv skal skildrast. Ein føreset at undersøkingsplikta som følgjer av kulturminnelova § 9	Kulturminneplan, Fitjar kommune Askeladden.ra.no eller kulturminnesok.no SEFRAK-registeret kommuneplan Flyfoto – t.d. norgeibilder.no

		vert oppfylt i samband med reguleringsplanarbeidet. Vurderingar av påverknad med utgangspunkt i metode frå handbok V712.	

7.4 Risiko og sårbarheit (ROS)

Som del av planen skal det utarbeidast ein ROS-analyse. Fitjar kommune sine akseptkriterium ROS-analyse for Stord og Fitjar frå 2014 vert lagt til grunn.

Følgjande tema er vurdert som sentrale for ROS-analyse i dette prosjektet:

- Skred
- Flaum
- Trafikktryggleik
- Forureining
- Støy
- Grunntilhøve
- Handtering av overvatn

7.5 Andre tema for omtale i planomtalen

Det er ført opp nokre spesifikke tema nedanfor, men lista er ikkje uttømande.

7.5.1 Transport og trafikktryggleik

Vegløysing og kryssløysing til E-39 vert omtalt i planomtalen. ROS-analysen skal ta for seg moglege hendingar som kan førekome under og som følgje av transport.

Type køyretøy og frekvens skal omtalast i planomtalen. Trafikktryggleik for mjuke trafikantar langs veg skal vurderast, og ev. tiltak skal skildrast og leggast inn i planforslaget.

7.5.2 Forureining

Tema vert omtalt i planomtalen.

Alle stasjonære og midlertidige/mobile knuseverk og siktestasjoner som produserer pukk, grus, sand og singel, er regulert i forurensningsforskriftens kap 30. Forskrifta set krav til og grenser for aktuelle typar forureiningsbelastning. Dette gjeld støv (grense for nedfall av mineralsk støv over fastsatt tidsperiode), utslepp til vatn, støykrav i henhold til T-1442 mm, og krav til handtering av finstoff frå mineralavfall.

Sidan forureining frå produksjonsanlegg for pukk, grus, sand og singel er regulert av krav som framgår direkte av forureningsforskrifta, bør krava ikkje gjentakast i reguleringsplanen. Dersom kommunen finn særlege grunnar til å skjerpe krava, kan dette gjerast i reguleringsføresegnene. Då vil dei strengaste krava gjelde.

7.5.3 Vatn- og avløp

Det er trong for noko ferskvatn i samband med steinuttaket. Løysing for sløkkjevatn må òg skildrast. Tema vert omtalt i planomtalen.

7.5.4 Kraftforsyning

Tilgang til straum og løysingar for kraftforsyning vert omtalt i planomtalen.

7.5.5 Istandsetting og etterbruk

I utgangspunktet vert krav om fortløpande avslutting og istandsetting heimla i driftsplanen. Der landskapsomsyn eller planlagt etterbruk tilseier det, kan reguleringsplanen likevel fastsette konkrete løysingar. Dette kan til dømes vere terrasseutforming med gitte bredder og høgder, og etterbruk som landbruksområde. Dette vil verte omtalt i planomtalen, og det skal vurderast i planprosessen om det skal stillast konkrete krav til eller føresetnader om etterbruk i reguleringsplanen.

8 Vedlegg

- Forslag til varslingsgrense
- Referat frå oppstartsmøte med Fitjar kommune
- Planinitiativ for planarbeidet